



Breheimen
nasjonalparkstyre

Møteinnkalling

Utvalg:	Breheimen nasjonalparkstyre
Møtested:	Hjelle Hotel
Dato:	05.09.2025
Tidspunkt:	09:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 27/25	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 28/25	Mørkridsdalen landskapsvernområde - Søknad om oppsetting av uthus - Åsetevatnet - Anfinn Bergesen		2025/8757
ST 29/25	Delegerte vedtak		
DS 25/25	Delegert vedtak - Breheimen NP - Høydalen LVO - 2025 - Transport av båt - lagring av båt og garnkasse - Lom Jeger- og Fiskerforening v/ Jørgen Vole		2025/7878
DS 26/25	Delegert vedtak - dispensasjon - Høyrokampen NR - innsamling av sopp - Biofokus		2025/6660
DS 27/25	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2025 - organisert ferdsel - skoletur - Dumdalsgrottene - Gjøvik vidaregående skole		2025/6659
DS 28/25	Delegert vedtak - Breheimen NP - Bruk av helikopter, gravemaskin og aggregat - Reparasjon av skader på vassveg etter uværet Hans - Bordvassvegen - Vidar Bø		2025/5085
ST 30/25	Eventuelt		

ST 27/25 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /



Arkivsaksnummer: 2025/8757-3

Saksbehandlar: Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Dato: 29.08.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	28/25	05.09.2025

Mørkridsdalen landskapsvernområde - Søknad om oppsetting av uthus - Åsetevatnet - Anfinn Bergesen

Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre gjev Anfinn Bergesen Mørkrid dispensasjon til å byggja uthus ved hytta ved Åsetevatnet. Dispensasjonen er gjeve med heimel i verneforskrifta for Mørkridsdalen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Uthuset skal plasserast som avmerkt på kartet i saksopplysingane.
- Uthuset skal tilpassast terrenget utan vesentleg terrenginngrep.
- Utedoen skal byggjast av tremateriale, med tak av torv, tre/stein, eller bylgjebilekk av nøytral farge som i liten grad reflektera sol.
- Kledninga på uthuset skal vera liggande, ufalsa bord, ikkje villmarkspanel.
- Uthuset kan behandlast med tjære i same fargekulør som hytta.
- Uthusets fundament skal vera av lokal stein funne på staden. Stein skal ikkje fjernast frå kulturminne.
- Tiltakshavar får løyve til å fjerne trær og anna vegetasjon for å rydde plass til uthuset.
- Tiltakshavar er ansvarleg for vedlikehald og eventuell tømning av utedoen. Avfall etter utedoen skal nedgravast.
- Etter byggearbeidet er avslutta, skal restmateriale og utstyr takast hand om og transporterast ut av området.
- Dersom uthuset fører til problem av noko slag, skal tiltakshavar fjerna uthuset, og området skal ryddast for inngrep og materiale.
- Løyve til oppstart av tiltaket gjeld i 3 år frå vedtaksdato. Det skal sendast rapport med bilde frå tiltaket til sekretariatet når arbeidet er slutført.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad om oppføring av utedo med bod ved Åsetevannet, datert 07.08.2025

Saksopplysningar

Søkjar, Arnfinn Bergesen Mørkrid, har overtatt ei hytte ved Åsetevatnet sommaren 2025. Hytta har ikkje utskilt tomt, og har ikkje eige bruksnummer. Hytta ligg på til Mørkrid sameige, og er lokalt kalla «Tjønn-Hytta».

Søkjar ynskjer å oppføre ein utedo med bod slik at sanitære forhold ved bruk av hytta og nærliggande område/natur vert ivaretatt.

Søkjar skriv at plassering og inngrep vil ikkje røre ved myrområdet. Bygget vert skjult bak moreneryggen mot vest, slik at det ikkje vil vera synleg frå tursti eller Åsetevatnet.


Plasseringa er om lag 33 meter frå hytta. Nasjonalparkforvaltar har vore på staden og undersøkt plasseringa visuelt.






Figur 1 Viser tomteplasseringa.


Teikningar/skisse av uthuset med utvendige mål:




Figur 3 Fasade Syd



Figur 2 Fasade nord




Figur 5 Fasade aust



Figur 4 Fasade vest

Figur

Planløsning:



Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev datert 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Mørkridsdalen landskapsvernområde til Breheimen nasjonalparkstyre i medhald av § 62 i naturmangfaldlova.

Søknaden vert vurdert etter

- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde, 7 august 2009
- Forvaltningsplan for Breheimen, 17 februar 2017
- Naturmangfaldslova, 19 juni 2009 nr. 100

Verneformål – forskrift

I § 2 i verneforskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde står det at føremålet med vernet er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande.

Vidare er føremålet med landskapsvernområdet å:

- ta vare på stølar med stølsvollar, kulturminne og naturbeitemarker
- ta vare på geologiske førekomstar og breforma landskap som U-dalar, breane sine avsetningar og andre kvartærgeologiske førekomstar
- ta vare på vakker og særprega vassdragsnatur, særleg knytt til Mørkridsdalselvi
- ta vare på edellauvskogen med særmerkte, store og/eller gamle dekorative levande og daude tre, førekomstar av gamal furuskog og rasmarker som pregar landskapet.

Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

Landskapet i Mørkridsdalen landskapsvernområde er i medhald av § 3 pkt 1.1 verna mot inngrep:

«Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt særpreg eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretingar, parkering av campingvogner, motorkøyretøy og maskiner, etablering av oppdrettsanlegg, vassdragsregulering, opplag av båtar, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, uttak og fjerning av større stein og blokker, mineral eller fossil, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmende.»

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «*oppføring av bygningar, innretingar og anlegg som er naudsynte til jordbruksføremål på stølsvollar der det er bygningar frå før*» jamfør § 3, punkt 1.3.c). Uthuset kan ikkje vurderast etter desse reglane. Forvaltninga kan i særskilte høve vurderast om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd fyrste og alternativ som seier at «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig*». Det må vurderast om vilkåra for å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 er oppfylt, og om det kan gjevast dispensasjon til tiltaket.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplan står det under 3.5.2 Ombygging og mindre utviding (tilbygg) av bygningar retningslinjer på korleis og kor store utvidingar ein kan tillata:

«... Det skal førast ein streng praksis ved handsaming av søknader om ombygging og utviding av bygningar både i nasjonalparken og i landskapsvernområda.

Endring av bygningen sin karakter skal vurderast som ombygging. Dette gjeld tiltak som inneber andre materialar og/ eller dimensjonar og utsjånad for ytterpanel, dører og vindauge,

pipeløp og takteking. Likeins vert det rekna som ombygging dersom det blir gjort synlege konstruksjonsendringar, som til dømes endra takvinkel. Slike tiltak krev løyve.

Det vil kunne gjevast løyve til ombygging og utviding av bygningar innanfor følgjande rammer:

I nasjonalparken:

- totalt bygningsareal på fritidsbustader i nasjonalparken skal ikkje vere større enn 20 m².

I tillegg gjeld følgjande rammer både i nasjonalparken og i landskapsvernområda:

- det kan gjevast løyve til mindre tilbygg som utgjer inntil 30 % av grunnflata på eksisterande bygg, og som ikkje er større enn 10 m².

- små fiskebuer/beitebuer/hytter skal ikkje overstige 12 m².

- største samla bygningsareal per tomt for fritidsbustader er 75m². I dette inngår også eksisterande uthus og anneks, maks tre bygningar.

Utover det som er nemnt ovanfor gjeld også følgjande rammer landskapsvernområda:

- det vil kunne gjevast løyve til tilbygg og/eller ombygging av eksisterande bygningar knytt til landbruksverksemd på stølane/setrene.

- for driftsbygningar/fjøsar skal arealet tilpassast etter driftsmessige behov.

- totalt bygningsareal på stølshus/seterhus/hytter i landskapsvernområda skal ikkje vere større enn 40 m²

...»

Naturmangfaldlova

Omsynet til verneverdiane i området blir vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1(Føremål), 4 og 5 (forvaltingsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. § § 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

Presedens

Innanfor Mørkridsdalen landskapsvernområde er det nokre hytter, dei fleste ligg på stølsvollane. Bygget som er søkt om er etter forvaltningspraksis eit naturleg bygg å ha ved noko bruk av hytte, og byggets storleik er innanfor det forvaltningsplan for Breheimen nasjonalpark legg opptil. Forvaltar oppfattar derfor ikkje saka som presidensskapande.

Vurdering

Annfinn Mørkrid ønskjer å nytte seg av hytta ved Åsetevatnet og i den forbindelse byggje eint uthus kor det også kan lagrast ved. Det er positivt at bygningar som alt står innanfor verneområdet vert teke vare på og nytta. Oppsetjing av uthus med utedo og lager har forvaltninga rekna som naudsynt bygning knytt til hytter/stølshus tidlegare.

Nasjonalparkforvaltar meiner at det er tilstrekkeleg kunnskap om området og konsekvensane av tiltaket. Med bakgrunn i databasar (Naturbasen og Artsdatabanken), forvaltningsplanen for Breheimen, ulike naturfaglege rapportar og generell kunnskap om området, er det god oversikt over kva som kan påverke natur og miljø negativt. For å ivareta naturmiljøet kan forvaltningsmyndigheita bl.a. stille villkår som har som formål å avgrense ein eventuell

skadeverknad av eit løyve. Det er ikkje registrert kulturminne i området der utedoen skal stå. Det er ikkje registrert trua artar på staden i Naturbasen.

Området kor uthuset skal setjast opp i, er registrert som geologisk arv. I omtala av området står det at rundt heile Åsetevatnet ligg ei rad ende- og sidemorenar. Dei er avsette frå bremassar, truleg på same tid som Vigdalsmorena (i Vigdalen landskapsvernområde). Dei eldste endemorenane ligg på fjellterskelen som demmar Åsetevatnet ved Osen (like utanfor landskapsvernområdet), medan frå Osen til Åsete langs vatnet ligg det om lag 15 sidemorenar, dei fleste små, men tydlege i forma. Plasseringa av uthuset er i kanten av ein slik morenerygg. Ein har prøvd å finna ein tørr plassering, kor ein kan ta omsyn til myr, moreneryggane, avrenning og generell plassering i høve tursti og innsyn ved ei vurdering av plassering av bygget jf. § 8 i naturmangfaldslova.

Slik den nye bygningen er beskrive ser det ut til at den er i samsvar med byggeskikk for området. Vestland fylkeskommune har i ein liknande sak påpeika viktigheita av at eit slik bygg framstår som ei «enkel» bygning og at bygninga er tilpassa omgjevnadene med tanke på farge- og materialbruk. Spørsmålet om sambruk fell bort då det ikkje er fleire hytter eller stølshus i nærleiken.

Utedoen blir vurdert som naudsynt for å dekke ein funksjon for eit hytte som er i bruk. I tillegg vil bygninga fungere som ein lagerplass for ved. Forvaltar har målt hytta til omlag 31 m², og med eit uthus på 6 m², vil det totale arealet vera 37 m². Forvaltar kan ikkje sjå at ein utedo med lager på 2 x 3 meter vil vera i strid med verneformålet i dette tilfellet. Det er heller ikkje mange hytter i området som er utan ordna toalettfasilitetar, så det er lite sannsynleg at det blir skapt uheldig presedens med risiko for mange tilsvarande søknadar.

Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget meiner nasjonalparkforvaltar at det ikkje er naudsynt å ta i bruk *føre-var-prinsippet* (§ 9) i saka. Forvaltar kan ikkje sjå at verneverdiane eller verneformålet blir nemneverdig påverka i denne samanhengen. I forhold til økosystem-tilnærming og samla belastning, vurderer nasjonalparkforvaltar at det er forsvarleg å tillate oppføring av ny utedo/lager som omsøkt. Den samla belastninga vil ikkje bli større enn den er i dag dersom vilkåra i saken blir følgt (§10). Tiltakshavar pliktar å iverksette dei tiltak som er naudsynt for at naturmangfaldet ikkje skal bli skadelidande. Om ikkje dette blir gjort kan tiltakshavar bli pålagt å setja i verk tiltak for å rette skaden i ettertid. Når det gjeld miljøforsvarlege teknikkar sikrast dette gjennom vilkåra som er stilt i saken (§§ 11-12).

Konklusjon

Etter ei samla vurdering etter naturmangfaldslova §§ 8-12, meina forvaltar tiltaket ikkje vil påverka verneverdiane nemneverdig, og det vil ikkje vera i strid med verneformålet. Med heimel i naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd tilrår forvaltar at det kan gjevast løyve til å setje opp uthus i samsvar med søknaden og med dei vilkår som er gjeve.

ST 29/25 Delegerte vedtak /

**DS 25/25 Delegert vedtak - Breheimen NP - Høydalen LVO - 2025 - Transport av båt
- lagring av båt og garnkasse - Lom Jeger- og Fiskerforening v/ Jørgen Vole
2025/7878**

**DS 26/25 Delegert vedtak - dispensasjon - Høyrokampen NR - innsamling av sopp -
Biofokus 2025/6660**

**DS 27/25 Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2025 - organisert ferdsel
- skoletur - Dumdalsgrottene - Gjøvik videregående skole 2025/6659**

**DS 28/25 Delegert vedtak - Breheimen NP - Bruk av helikopter, gravemaskin og
aggregat - Reparasjon av skader på vassveg etter uværet Hans - Bordvassvegen -
Vidar Bø 2025/5085**

ST 30/25 Eventuelt /